



Medlemer i Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet for Myking skule.

Medlem Samarbeidsutvalet.		Vara medlem (møter berre etter nærare avtale).	
Berit Bruvoll		Ida Marie Nordahl	x
Edmund Nyheim	x	Annikken Sylta	
Bjørge S. Myrmel	x	Janne Kari Eknes	
Bodill Vabø	x	Bjørghild O. Spjell	
Kjell Fagna		Jan-Erik Hope	
Herborg Osmundsen	x	Torill Myhre	
Nils Kvalvågnes	x		
Elevrådet:			
Nikolai R. Fimland		Sindre Sylta	
Alva Bredholt	x	Mathea Eikemo	
Medlem Skulemiljøutvalet			
Remi Rognaldsen	x	Steinar Kleiven	
Ina A. Vabø	x	Magnus Holsen	

X= til stades

Referat frå felles møte for Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet ved Myking skule.

Tysdag 30. september . kl. 18.00 - kl. rom 1

Då sakene i Samarbeidsutvalet for det meste fell saman med Skulemiljøutvalet sitt interesseområde kallar ein inn til møte for begge utvala samla. Vedtaka som vert gjort vert merka som vedtak i dei respektive utvala.

SAKER

1. Meldingar/referatsaker.

a) Referat frå elevrådsmøte.

Elevrådsrepresentantane orienterte om saker elevrådet har hatt oppe sidan sist møte. Elevrådet har hatt to møte. Saker dei har hatt oppe er: kakesal til inntekt for FAU sine elevtiltak. Elevundersøkinga 2014. Søknad frå SFO om å ha kafé.

- b) Referat frå foreldreråds- og FAU-møte.
Ida Marie Nordahl orienterte om FAU og saker sidan sist SU/SKMU møte:
FAU har bestilt fotografering av elevane i 1., 4. og 7. klasse hjå Fovea. FAU hadde ikkje teke mot tilbodet frå Dugnadskonsulenten. Det vart ikkje arrangert nokon aktivitet i samband med Grunnskuleveka,. Dette vert utsett til neste semester der ein ønskjer å arrangera karneval for elevane og samarbeida med skulen om ein skøytetur til Bergenshallen. Elevrådet har kome med ønskje om fleire leikeapparat. FAU vil avventa dette litt. Ny leikehytte kom på plass i haust. FAU er representert i arbeidet rundt rullering av kommunedelplan skule. Informasjon rundt spesialundervisning og ny ordning med tilskot til elevpc-frå Nav. FAU bed skulen informera dei det gjeld.
- c) Økonomiplanen 2014-2018
Rådmannen har sett framlegg om nedlegging av Myking skule frå hausten 2015. Dette framlegget skal til vurdering i politiske organ fram til Kommunestyret skal handsama økonomiplanen i møte 11. desember.
- d) Rapport frå Leikeklasskontrollen.
Leikeklasskontrollen sin rapport frå kontrollen i haust vart gjennomgått i møtet. Ingen A feil som indikerer fare for liv og helse, men 5 B og 23 C feil. Rapporten er oversendt kommunen for vurdering av tiltak og retting av feil og manglar.
- e) Foreldreundersøkinga-gjennomføring innan medio desember? FAU organiserer?
Rektor bestiller passord til foreldra og FAU oppmodar heimane om å gjera ein god innsats for å få opp svarprosenten. Mogleg det vert arrangert felles utfylling på skulen ein kveld i desember.

2. Høyring – organisering av leksehjelp i grunnskulen i Lindås.

Reglane for kven som kan få tilbod om leksehjelp er endra. Kommunen kan vedta at ordninga også kan gjelda elevar over 4. klasse. Rammene for ordninga er elles dei same. Saka har vore handsama av Levekårutvalet som har gjort følgjande vedtak:

LE - 091/14 VEDTAK:

Lindås kommune tilbyr leksehjelp primært til elevar på 5.-7. trinn. I særlege tilhøve kan rektor gjera tilpasningar. Det skal i hovudsak vere pedagogar som er ansvarlege for leksehjelpa. Rektor organiserer tilbodet i samsvar med krava i Opplæringslova med forskrift. Auke i kostnader til leksehjelp blir finansiert innafor ramma til grunnskulen.

Ut frå rammene i dette vedtaket er saka sendt til høyring:

VEDTAK:

Su/SKMU ved Myking skule meiner at den einskilde skule må få organisera leksehjelptilbodet innanfor den nasjonale ramma og eige budsjett.

3. Høyring skuleruta for skuleåret 2015/16.

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

Rådmannen har sendt ut framlegg til forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2015-2016.

Rådmannen sitt framlegg byggjer på vedteken skule- og barnehagerute for Bergen Kommune og Hordaland fylkeskommune 2015-2016. Skuleruta dette året vert eit unntak samanlikna med tilegare år. Da påska kjem veldig tidleg, er fire av fem vinterferiedagar flytta til veka etter påske i 2016. Dette vert gjort for å unngå oppstykking av gode læringsperiodar. Den vedtekte skuleruta for Bergen og Hordaland fylkeskommune er drøfta i styret for Nordhordland kursregion, og her er det semje om at kommunane i Nordhordland sender ut eit felles framlegg til skulerute bygd på Bergen og Hordaland med følgjande justering:

- Den elevfrie dagen 14. september går ut
- Elevfrie dag vert i staden lagt til 8.februar.

Vedtak:

SU/SKMU ved Myking skule har ikkje andre merknadar til framlegget til skulerute med forskrift enn at det vil vera uråd for skulen sine råd og utval å handsama framlegg til endring av elevfrie dagar innan fristen 1. juli. Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet vert ikkje konstituert før ca ein månad etter skulestart om hausten sidan elevrådsrepresentantane først vert valde etter at skuleåret er starta opp. SU/SKMU har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld skulen og skulemiljøet.

2. Evt.

Myking skule 21.11.2014

Nils Kvalvågnes
Ref.

Kopi: Einingsleiar

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
5957 Myking	Myking skule Myking	56 36 42 01	56 36 03 88	0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733